



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

11.02.2026

Vår ref:

2026/289

Dykkar dato:

06.01.2026

Dykkar ref:

202512781

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn - uttak av grunnvatn - Kvitagrov ved Myrkdalselvi - Voss

Statsforvaltaren meiner at eit drikkevassuttak frå Myrkdalselvi slik det er søkt om, kan realiserast med akseptable konsekvensar for naturmiljøet knytt til elva.

Vi viser til høyringa av søknad frå Voss herad om uttak av grunnvatn frå Kvitagrovi ved Myrkdalselvi.

Kva søknaden gjeld

Voss herad har søkt om eit maksimalt vassuttak på 35 l/s og gjennomsnittleg uttak på ca. 10 l/s, for å dekkje framtidig uttaksbehov. Ein eksisterande kum like ved Myrkdalselvi ved Kvitagrov/Nobbi skal få tilført infiltrert elvevatn frå tre horisontale brønnar med sjølvfall ned til samleikum.

Middelvassføringa i Myrkdalselvi er på ca. 6606 l/s, og 5-persentil vinterstid er på 175 l/s. Myrkdalen fjellheisar tek ut vatn nedstraums til å produsere snø. Dei har konsesjon frå 2012, og ein avtale mellom partane skal sikre at vatn ikkje blir teke ut dersom vassføringa er 175 l/s eller lågare.

Vassførekomsten høyrer til Vossovassdraget, som er verna mot kraftutbygging og er typevassdrag i regionen.

Vår vurdering

Grunnvassmagasinet er lite, og vassuttaket vil i hovudsak vere basert infiltrasjon frå elva. Dette vil redusere vassføringa i Myrkdalselvi, medan grunnvassnivået, og dermed ei grunn myr som ligg over magasinet, ikkje vil endre seg. Ut frå tabell 2 i søknaden vil maksimalt vassuttak utgjere tre prosent av 5-persentilnivået for sommarperioden, og 19 prosent for vinterperioden. Effekten på elva vil altså vere størst når toppforbruk i ferieperiodar om vinteren fell saman med låg avrenning.

Redusert lågvassføring på seinvinteren, som er ein naturleg flaskehals for den biologiske produksjonen i norske vassdrag, kan påverke elvemiljøet negativt. Vi kjenner ikkje til at det er registrert raudlisteartar eller viktige naturtypar som kan bli påverka av eit uttak slik det er søkt om. Om det er tett med aure, slik det er vanleg i vestlandselvar, er det heller ikkje grunn til vente nemneverdig negativ effekt på fiskebestanden. Storleiken på uttaket i høve til oppgitte hydrologiske data, og kjent kunnskap om elvemiljøet, tilseier at tiltaket vil få små konsekvensar for naturmiljøet.

Vassuttak til drikkevassforsyning er gitt prioritet i dei rikspolitiske retningslinjene for verna vassdrag: «...Ved praktiseringen av retningslinjene bør det legges til grunn at vernede vassdrag kan utnyttast til drikkevannsforsyning dersom det ikke finnes gode, alternative drikkevannskilder og dersom inngrep

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



i en slik sammenheng ikke reduserer verneverdiene vesentlig.» Det har vore vurdert alternativ drikkevasskjelde som er forkasta, men dette er ikkje nærare omtalt i søknaden. Vår vurdering er at tiltaket ikkje vil kome i vesentleg konflikt med verdien som typevassdrag for regionen.

Vi legg til grunn at tiltaket blir utført med minst mogleg nye naturinngrep, og at området blir tilbakeført etter moderne praksis basert på naturlege terrengstrukturar og naturleg frøbank. Vi viser her til miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 - 12.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Voss herad
Vestland fylkeskommune

Postboks 145
Postboks 7900

5701
5020

VOSS
BERGEN